

Vedtak 1.gong i KS	13.06.2022
Vedtak 2.gong i KS	10.10.2022
Vedtak stadfesta av SFI	09.02.2023

Detaljreguleringsplan for Hjerkinndammen

Reguleringsføresegner

PlanID: 34310089.

1. Siktemålet med planen

Føremålet med planen er å regulere isbane på Hjerkinndammen, til bruk for aktivitetar med hest og for køyretøy registrert for køyring på veg. Aktivitetar med hest vil føregå både privat og som arrangement. Brukarane av isbana til bilkøyring vil i hovudsak vere naudetatane i Innlandet og Trøndelag, bilforretningar og bilklubbar.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

2.1.2 Terrengingrep

Inngrep i terrenget skal utførast skånsamt, med minst mogleg synlege sår. Det skal leggest vekt på å ta vare på eksisterande vegetasjon.

Ved grøfting, skjering og fylling skal det i den grad det er mogleg, revevegeterast med stadeigen vegetasjon.

Naudsynt grøfting og drenering for utbetring av stigar og vegar skal avklarast med grunneigar.

2.4 Arkeologiske kulturminne (§ 12-7 nr. 6)

Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller deira sikringssone på 5 m. Melding om funnet skal straks sendast til kulturminnemyndigheitene utan ugrunna opphald, slik at desse kan koma på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan fortsetta, og eventuelt vilkåra for dette.

Det er viktig at dei som utførar arbeid i marka blir gjort kjent med denne føresegna.

2.5 Årsrapport.

Etter kvar driftssesong og innan 1. mai, skal det utarbeidast ein årsrapport om aktiviteten på bana. Denne sendast Dovre kommune med kopi til Statsforvaltaren i Innlandet.

3. Føresegner til arealformål

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Køyreveg – offentlig

a. o_SKV1 (fv. 29)

Formålet regulerer eksisterande køyreveg Follaldsvegen fram til senterlinje.

3.2.2 Køyreveg – privat

a. SKV1

Vegen regulerer eksisterande tilkomstveg til dammen og er hovudtilkomst til isbana.

Sikktrekant i og utforming av krysset mellom tilkomstveg og fv. 29 skal vera iht Statens vegvesen sine vegnormalar.

b. SKV2

Vegen regulerer eksisterande tilkomstveg. SKV2 skal som hovudregel ikkje fungere som tilkomst til isbana, men tillatast nytta i særskilte høve, som t.d. dersom vêt, føre eller andre ikkje-forutsette hendingar gjer at tilkomst via SKV1 ikkje er mogleg.

3.2.3 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT1)

Formålet regulerer eksisterande køyreveg på dammen.

3.2.4 Parkering (SPP1)

Formålet regulerer parkeringsareal på vestsida av SKV1, og kan nyttast som oppstillingsplass for bilar.

Arealet tillatast nytta til service/reparasjonar, etterfylling av drivstoff og/eller liknande i samband med aktivitet på isbana.

Forureining i form av drivstoff, oljer og andre væsker og stoff frå køyretøya, skal straks fjernast frå området.

3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1 Friluftformål (LF1)

Arealet regulerast til friluftformål, for allmenn tilgang til friluftsliv. Skjøtsel av vegetasjon tillatast i form av plukkhogst. Flatehogst tillatast ikkje.

Naudsynt terrenghandsaming i samband med vegutforming tillatast, etter avklaring med grunneigar.

3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1 Friluftsområde kombinert med motorsportanlegg (VAA1)

Formålet regulerer kombinert formål friluftsområde og motorsportanlegg på Hjerkinndammen. Området skal tene til friluftformål for allmenn tilgang til friluftsliv, aktivitetar med hest og som isbane for motorkøyretøy.

Maksimalt tal på køyretøy på isbana pr dag er 60 stk. Køyning skal ikkje skje nærmare land enn 100 meter, med unntak av langs demningen ved utløpet av dammen, samt ved tilkomstvegane SKV1 og SKV2.

Området tillatast nytta som isbane til motorkøyretøy frå fyrste måndag i januar, utanom 1. nyttårsdag, til og med 20. mars, når denne datoen kjem før laurdag før palmesundag. Isbana kan nyttast på følgjande tidspunkt:

Måndag-fredag: Inntil 6 timars køyretid mellom kl. 09.00 og 17.00. I tillegg skal det leggst inn ½ time stilleid i løpet av køyretida.

Laurdag: Inntil 4,5 timars køyretid, mellom 11.00 og 16.00. I tillegg skal det leggst inn ½ time stilleid i løpet av køyretida.

Sundag: Mellom kl. 12.00 og 16.00. Motorisert køyning på isbana på sundagar kan berre skje med løyve frå politimeisteren.

Isbanen skal kvart år blir stengt for køyning med motorkøyretøy frå og med laurdag før palmesøndag.

Det tillatast ikkje køyning på isen dei to siste helgene i vinterferieekene. Det kan gjevast dispensasjon frå opningstidene til særskilde arrangement, etter godkjent søknad til kommunen.

Brøyting/preparering av isbana er tillate utanom opningstidene angjeve ovanfor, utan om heilagdaggar.

Det er kun tillate å nytte køyretøy som er registrert for køyning på offentlig veg, med øvre støygrense tilsvarande det som er tillate for ordinær vegtrafikk (EU-godkjenning). Øvre støygrense skal kontrollerast før køyretøy kan køyre ut på banen.

Det er ikkje tillate å utføre service/reparasjonar, etterfylling av drivstoff og/eller liknande som kan føre til forureining.

Tilkomst til isbana skal vere stengt med låsbar bom den tid det ikkje er aktivitet på isbana.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 a.1) Sikringssone

4.1.1 Frisikt (H140_1)

Innanfor frisiktsonene tillatast det ikkje sikthindringar som vegetasjon, gjerder, murar eller andre innretningar høgare enn 50 cm over køyrebanenivå. Enkeltelement med diameter mindre enn 15 cm kan tillatast. Frisiktsonene er regulert med frisiktsoner og frisiktlinjer i plankartet.

4.2 a.2) Støysoner

4.2.1 Gul støysone (H220_1)

Støysona regulerer berekna støy frå aktivitet på isbana. Det tillatast ikkje etablering av støykjensleg bruksformål innanfor sona.

4.3 a.3) Faresoner

4.3.1 Flaumfare (H320_1)

Faresona for flaum er basert på NVEs aktsemdområder for flaum, og syner kva område som potensielt kan utsettast for flaum. Utbetring av eksisterande vegar innanfor sonen, eller som kryssar bekkeløp, tillatast.

4.4 a.4) Bandlegging

4.4.1 Bandlegging etter lov om kulturminner (H730_1).

Bandlegginga gjeld Den Gamle Kongevegen, som er automatisk freda etter kulturminnelova.

5. Rekkjefølgjeføresegner

5.1 Driftsinstruks

Før aktivitet på isbana kan gå i gang, skal det utarbeidast ei driftsinstruks som skal godkjennast av Dovre kommune. Det skal og oppnemnast ein driftsansvarleg for aktiviteten, som skal godkjennast av kommunen etter årleg søknad. Driftsansvarleg skal ha ansvar for støykontroll av køyretøya og sikkerheit i samband med aktivitet på banen. Istjukkels og bereevne skal kontrollerast før aktiviteten kan gå i gang. Det skal førast loggbok over all aktivitet på isbana.

Driftsinstruksen skal sikre at det innanfor planområdet finns innretningar for oppsamling av avfall og utstyr for oppsamling av olje-/drivstoffutslepp.

5.2 Utforming av vegkryss

Før det kan bli gjeve dispensasjon frå lov om motorferdsel i utmark til bruk av isbana, skal kryss mellom fv. 29 og tilkomstveg SKV1 vera utforma iht. Statens vegvesen sine vegnormalar.